

Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar og politiske ungdomsparti 2021

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune løyver 1 968 00 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar fordelt slik:

4H Hordaland	140 000
4H Sogn og Fjordane	275 000
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM speidere	100 000
CISV Hordaland (+ SFj)	110 000
Frelsesarmeens Vestre divisjon, avd.FAbU	45 000
Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM	82 000
Hordaland barne- og ungdomssjakk	30 000
Hordaland krets av Norges speider forbund	134 000
Hordaland Røde Kors	119 000
Hyperion vest	66 000
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM	150 000
KFUK-KFUM Sogn og Fjordane	120 000
Miljøagentene i Vestland	50 000
Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag Region Vest	70 000
Ryvarden krins av N. speider forbund	70 000
Sogn og Fjordane krins av Norges speidar forbund	52 000
Søndagsskolen Bergen krets	95 000
Søndagsskolen Karmsund- Sunnhordaland	60 000
Ung i kor vest	120 000
Ung kyrkjesong vest	80 000
Altruism for Youth (stettar ikkje krava i retningslinjene)	0
SUM:	1 968 000

2. Vestland fylkeskommune løyver 34 000 kr i tilskot til drift av regionale ungdomsparti:

Grøn ungdom Vestland	34 000
SUM:	34 000

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke 21 søknader om tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar ved fristen 1. mai og ein søknad om tilskot til drift av regionale politiske ungdomsparti ved fristen 10. mai. Tilskota er knytt til budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål, med ei samla ramme på 2 002 000 kr. Fylkesrådmannen tilrår å løyve i alt 1 968 000 kr i tilskot til drift av regionale barne og ungdomsorganisasjonar og 34 000 kr i tilskot til regionale ungdomsparti. Søkjarlister med utrekningar er lagt ved saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
Seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift

Vedlegg

- 1 Tilråding og grunngjeving tilskot b og u.org
2021
- 2 Vedlegg - tilskot b og u.org 2021 - med alle tal
- 3 Fordeling av tilskot, reg. ungdomsparti 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021:	2 002 000 kr
----------------	--------------

Søknadsfristar 2021:	1. mai og 10. mai
----------------------	-------------------

Vedtak kriteria:	KULII 13. februar 2020 (barne- og ungdomsorg.)
------------------	--

Kriteria og informasjon om ordninga:	KULII 4. juni 2020 (ungdomsparti) Tilskot regionale b. og u.org. Tilskot regionale ungdomsparti
--------------------------------------	---

Vår 2021

Samla tal på søknadar:	21 + 1
------------------------	--------

Samla tal på søknadar som er tilrådd støtte:	21
--	----

Samla søknadssum:	Søkjarane legg ikkje inn søknadssum
-------------------	-------------------------------------

Samla løying:	2 002 000 kr
---------------	--------------

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar vart lyst ut via nettsidene til fylkeskommunen i midten av mars med søknadsfrist 1. mai. Ved søknadsfristen var det kome inn 21 søknader frå ulike organisasjonar. Tilskot til drift av regionale ungdomsparti vart lyst ut via nettsidene til fylkeskommunen tidleg i april med søknadsfrist 10. mai. Ved søknadsfristen var det kome inn ein søknad frå dei politiske ungdomspartia.

Tilskota i dei to ordningane er knytt til budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål, med ei samla ramme på 2 002 000 kr. I møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25. mars, sak 35/2021, vart det gjort følgjande vedtak om utlysingar av midlar frå budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål:

1. Ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søknadsfrist 1. mai 2021. Vestland fylkeskommune set av 1 652 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i 2021.
2. Ved utrekning av støtte til organisasjonane frå tilskotsordninga blir medlemstal for 2019 eller 2020 lagt til grunn, saman med dei andre vurderingskriteria i ordninga.
Fylkeskommunen legg det høgste medlemstalet frå dei to åra til grunn, for å kunne redusere tap i tilskot som følgje av korona-pandemien.
3. Ordninga tilskot til regionale ungdomsparti blir lyst ut i 2021, og det vert set av kr. 350.000 i tilskotsordninga.

I retningslinjene for tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir det slått fast at tilskotet skal fordelast basert på kvantitative faktorar som medlemstal, tal lokallag, tal kommunar med lokallag og tal tilsette, samt kvalitative faktorar som aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringsarbeid, skulering i demokrati og samarbeidstiltak. I retningslinjene for tilskotsordninga til regionale ungdomsparti blir det slått fast at tilskotet skal fordelast med eit grunnbeløp per ungdomsparti og eit beløp basert på resultatet til moderpartiet ved sist fylkestingsval.

Fylkesrådmannen tilrar å nytte alle midlane frå budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål ved tildelinga. Det betyr at 316 000 kr blir omfordelt frå tilskot til regionale ungdomsparti til tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Mange av barne- og ungdomsorganisasjonane har opplevd koronakrisa som utfordrande. 18 av dei 21 organisasjonane som har søkt om midlar i ordninga har hatt medlemsnedgang frå 2019 til 2020. Dei ekstra

driftsmidlane vil vere med å styrke organisasjonane i arbeidet med å komme i gang igjen med aktivitetar etter pandemien.

Føremål med ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonen sitt arbeid med demokratiskulering, organisasjonsutvikling og organisasjonsopplæring av barn og ungdom, og legge til rette for at medlemene sjølv står for utøving av organisasjonen si verksemد.

Føremål med ordninga tilskot til regionale ungdomsparti

Tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar (ungdomsparti) skal styrke dei politiske ungdomsorganisasjonane i Vestland og med det bidra til auka politisk deltaking blant unge i fylket. Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati.

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det frivillige arbeidet og aktiviteten i dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane og ungdomspartia er svært viktig for demokrati, medverknad, inkludering, ytringsfridom, samfunnsinnsikt og organisasjonskunnskap blant born og unge.

Fylkesrådmannen tilrår å nytte alle midlane frå budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål i tildelinga gjennom dei to ordningane. Begge ordningane er lyst ut via nettsidene minst ein månad før søknadsfrist, i tråd med praksis ved utlysing av tilskotsordningar i fylkeskommunen.

Det kom inn 21 søknader om tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Fylkesrådmannen tilrår å løyve tilskot til 20 av organisasjonane, då dei stettar retningslinjene i ordninga. Den siste organisasjonen, Altruism for Youth, vart stifta i 2020 og har per i dag lokallag i to kommunar i Vestland. Kravet er lokallag i minst tre kommunar for å kunne få tilskot gjennom ordninga. Fylkesrådmann tilrår derfor at det ikkje blir gitt støtte til organisasjonen.

I tilrådinga har fylkesrådmann lagt til grunn vurderingskriteria for ordninga som slår fast at barne- og ungdomsorganisasjonane får tilskot basert på kvantitative og kvalitative faktorar. Det er eit mål for fylkesdirektøren å unngå at organisasjonar taper store inntekter samanlikna med tidlegare tildelingar, og nokre av midlane i ordninga har blitt brukt for å unngå slike uheldige utslag. I hovudsak gjeld dette 4H Sogn og Fjordane som dei seinare åra har fått 300 000 kr i driftstilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune, og som no er tilrådd støtte på 275 000 kr.

Det kom inn éin søknad om tilskot til regionale ungdomsparti. Fylkesrådmann tilrår at denne organisasjonen får tilskot utifrå utrekningsmodellen som er lagt til grunn for ordninga, justert for å få eit heilt tusental (sjå vedlegg 3). Fylkesrådmann tilrår å omprioritere restmidlane frå ordninga til tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Dette for å sikre at midlane frå budsjettposten kjem barne- og ungdomsorganisasjonar til gode. Fylkesrådmann legg også til grunn av dei regionale ungdomspartia får statstilskot via partistøtta til moderpartiet nasjonalt. Partistøtta er etter fylkesrådmann sitt syn å sjå som tilskot til drift av dei regionale ungdomspartia. Dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane som har høve til å få driftstilskot gjennom den fylkeskommunale ordninga har ikkje tilsvarande høve som ungdomspartia til å få driftsstøtte via statlege midlar.

Absolutte kriteria tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Krav til søker

Dei regionale frivillige organisasjonane som blir tildelt støtte må gjennom vedtekten:

- a) vere medlemsbasert, demokratisk og ha aktivitet for barn og unge under 26 år som hovudmålgruppe
- b) gje medlemene i organisasjonen fulle demokratiske rettar frå fylte 15 år. Medlemer under 15 år må også ha reell mogleheit til å påverke i organisasjonen.
- c) ha eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd / regionalledd

- d) vise til at organisasjonen er fylkes-/ regionalt ledd som koordinerer aktivitet for lokallag i Vestland
- e) vise til at organisasjonen har eit ideelt (ikkje-kommersielt) mål og vil fremje føremålet til støtteordninga
- f) vise til at organisasjonen ikkje skapar hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering

Det vert ikkje gitt støtte til:

- organisasjonar som har idrett/sport eller mosjon som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har diskriminerande innhald i vedtekten sine og / eller i aktivitetar
- organisasjonar med tidsavgrensa føremål
- særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
- organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
- organisasjonar som får driftstilskot gjennom andre støtteordningar og etter budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune
- organisasjonar som kan få driftstilskot frå statlege organ på regionale nivå, t.d. politiske parti og trus- og livssynssamfunn

Vurderingskriteria tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

1. Kor mange teljande medlemer organisasjonen har under 26 år. For å vere teljande må medlemen ha betalt kontingensten det føregåande året.
2. Kor mange kommunar i Vestland den regionale organisasjonen har aktivitet gjennom lokallag.
3. Kor mange lokallag som er tilslutta organisasjonen sitt regionale ledd.
4. Kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år. Barn og unge må vere hovudmålgruppa til organisasjonen.
5. Om organisasjonen har tilsette.
6. Organisasjonen sitt aktivitetsnivå og utviklingsarbeid.
7. Organisasjonen sitt opplæringsarbeid og arbeid med skulering i demokrati.
8. Organisasjonen sine samarbeidstiltak med andre organisasjonar og grupper.
9. I kva grad organisasjonen oppfyller mål og satsingar i regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, PREMISS:KULTUR og/eller i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle. Desse planane gjeld i det geografiske området dei er vedteke i fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

I vurderinga av søknadene vil fylkeskommunen sjå på både det kvantitative, som tal medlemer, lokallag og kommunar, og det kvalitative, som gjeld mellom anna aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringsstiltak og samarbeidstiltak. 50% av tilskotet til kvar enkelt søker er basert på ei kvantitativ vurdering som gjeld punkta 1 til 5 ovanfor. Resterande 50% av tilskotet blir løvd basert på ei kvalitativ vurdering som gjeld punkta 6 til 9.

Absolute kriteria tilskot til regionale ungdomsparti

- Søker skal ha organisasjonsnummer og då vere registrert i Brønnøysundregisteret
- Moderpartiet skal vere representert i Vestland fylkesting
- Organisasjonen skal sende søknad til Vestland fylkeskommune innan 31. mars kvart år
- Følgjande dokumentasjon må liggje ved søknaden:
 - o Organisasjonen sitt organisasjonsnummer
 - o Årsmøtereferat
 - o Årsrapport frå året før søknadsåret
 - o Godkjent rekneskap frå året før søknadsåret

Vurderingskriteria tilskot til regionale ungdomsparti

Tilgjengelege midlar til føremålet vert tildelt som følgjer:

- Dei organisasjonane som sender inn søknad innan fristen og stettar krava til søker skal

tidelast eit grunnbeløp på kr 20 000.

- Det resterande beløpet blir fordelt mellom dei organisasjonane som stettar krava i høve til resultatet i sist fylkestingval for moderpartiet

o Formelen for dette vert:

((Moderpartiet sitt valresultat/summen av prosent på dei organisasjonen som stettar krava)x(avsett sum til føremålet-samla sum av grunnbeløpa som vert utbetaadt)

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett, i posten Ymse barne- og ungdomsføremål. Tilskotsordningar på kulturfellet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har stort klimaavtrykk.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhøyrsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot tilskotsordninga, m.a.

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår å løyve i alt 1 968 000 kr i tilskot til drift av regionale barne og ungdomsorganisasjonar og 34 000 kr i tilskot til regionale ungdomsparti, basert på dei innsendte søknadene til dei to tilskotsordningane. Vestland fylkeskommune har motteke 21 søknader om tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar ved fristen 1. mai og éin søknad om tilskot til drift av regionale politiske ungdomsparti ved fristen 10. mai.